

# ISFLAKET



Organ for Ishavsmuseets Venner  
Nr. 1/ 2004 mars 6. årgang

## Kjære lesar.

Isflaket er igjen på bana med meir polarstoff.

Litt blanda stoff denne gongen, saman med orientering om årsmøtet i Venneforeininga som snart skal haldast.

På vegne av styret tillet eg meg å oppmode om at alle som kan, tek turen til Ishavsmuseet denne kvelden slik at styret føler det har medlemene i ryggen på dei vedtak som vert gjort for det året som vi noe er inne i. Arbeidet med å få planlagt og bygt hus over "Aarvak" er dessverre blitt forseinka igjen. Optimismen var ei stund relativt stor då styret i ishavsmuseet meinte dei hadde funne fram til eit forslag som det kunne byggast vidare på.

Imidlertid var begeistringa for forslaget ikkje like stor hos fylkeskontorets folk, og det vert derfor ei ny runde på denne saka.

Underteikna har bede om avløysing som redaktør i bladet, og dette har styret teke til vitande, så frå neste nummer av vert det ny redaksjonsnemnd som tek over.

Eg takker alle for dei to åra som har gått, og vil spesielt takke våre bidragsytarar som trufast har sendt oss interessant polarstoff og såleis har bidrege til at bladet har fått eit leseverdig innhald.

Takk til alle saman!!

Andreas Ringstad  
-redaktør-

## ÅRSMØTE Ishavsmuseets venner

Onsdag 10. mars kl 19.00 på Ishavsmuseet.  
Vanlege årsmøte saker, kaffi og lett underhaldning.  
Alle medlemmar velkomne.

. <http://home.no.net/ishavsmv/>

Styret i Ishavsmuseets Venner:

Johan Ole Brandal - formann, Greta Kirkebø – nestformann, Tor Riise – kasserar,

Hans Petter Brandal sekretær, Leif Kristian Brandal, Oddfrid Kleppe , Ottar M. Brandal.

Isflaket: Andreas Ringstad, Finn Sindre Eliassen og Webjørn Landmark

Ishavsmuseets Venner, 6062 BRANDAL

## **Brandal-skuter i Antarktis.**

Av Sigmund Bøe

Dei fleste kjenner nok til at Brandal-skuter har farta omkring i Nordishavet og mala isflak raude med si botnemaling. Mindre kjent er det kanskje at dei har vore i Sydishavet og ved ymse høve synt musklar der.

Først ute i så måte var "Polarbjørn" nr 2, treskuta som var bygd på Bolsønes i 1950. Saman med "Polarsirkel" av Tromsø gjekk ho i 1956 sørover med forsyningar og avløysingsmannskap til den norske ekspedisjonen ved Maud-heim. Dei gjekk frå Oslo hausten 1956. Først til Antwerpen der dei lasta inn forsyningar til ekspedisjonen, deretter til Montevideo der dei bunkra fullt og fekk om bord dei av ekspedisjonsfolka som hadde reist med fly nedover. Derifrå gjekk turen mot Weddelhavet og Maud-heim. Det gjekk greitt og kome seg til losseplass og alt gjekk etter programmet. Begge skutene skulle gå til Canada på tilbaketurten for å få med fangst sesongen ved Newfoundland.

For "Polarbjørn" var det på forhand arrangert bunkring på Syd Georgia då ho hadde for liten bunkers kapasitet.

Det viste seg at oljen dei fekk der var for tungt fordøyelig for "Polarbjørn" si maskin, og for maskinsjef Jon Storøy og dei andre i maskina, vart dei ein tur dei seint gløymer. Med korte mellomrom måtte dei stoppe og overhale dyser og ventilar. Kort sagt var dei på tå hev heile turen, men dei kom då fram til Halifax til slutt. Der fekk dei rett sort bunkers før dei gjekk ut på fangstfeltet.

"Polarsirkel" som gjekk direkte til St. Johns kom nokre dagar før ut på feltet. Ung selfangsten var alt i gang, men det var berre "Polarhav", som var ute på sin første tur, som kom seg inn til selkastet. Alle dei andre låg dønn faste utanfor Belle Isle. "Polarsirkel" vart og liggande fast då ho skulle bauge seg inn til kastet, men "Polarbjørn" som kom nokre dagar seinare, kom seg inn til selen litt lenger nord. Dei fekk seg dermed ein god fangst.

Den neste skuta i veg var "Polarhav" som hausten 1957, i lag med "Polarsirkel", gjekk frå Antwerpen med ein Belgisk ekspedisjon. Via Cape Town gjekk ein so til Antarktis der ekspedisjonen vart sett i land på Breid Bay, om lag 7020 S. Og 2420 øst.

Då ein gjekk ut frå losseplassen 12. januar, hadde ei svær ubroten flore lagt seg frå pynt til pynt tvers over Breid Bay so ein ikkje kunne kome ut. Det gjekk ein heil månad før ein kom seg klar og gjekk til Cape Town, og vidare direkte til Halifax og selfangst ved Newfoundland. Ungsel fangsten var over, men dei fekk full last med gammelsel.

Hausten 1958 gjekk "Polarhav" åleine med avløysing mannskap og forsyningar til same ekspedisjon. Ein vart då liggande fast i seks veker, og måtte få hjelp av ein amerikansk isbrytar for å få forsyningar og mannskap fram til basen. Med dei avløyste ekspedisjonsfolka gjekk skuta så via Cape Town og Banana i Kongo, til Ostende. Derfrå til Ålesund og ein kort gammelsel tur til Newfoundland.

Same året var "Polarbjørn" nr. 3, ex. "Jopeter" ex. "Brattegg" i veg. Dei gjekk ut hausten 1958 frå Oslo med ein norsk ekspedisjon til Dronning Maud land. Dei hadde med to fly og kartla store områder av Dronning Mauds land. Dessutan hadde dei med avløysing og forsyningar til den norske ekspedisjonen i Maud-heim.

Hausten 1959 gjekk "Polarbjørn" nr. 3 frå Cape Town med ein Syd-Afrikansk ekspedisjon til Maud-heim der dei overtok etter dei norske som no reiste heim.

"Polarbjørn" hadde elles vore i sydisen før. Det var medan ho hadde namnet "Brattegg", og var ute på kvalundersøking for Kristensen reiarlaget m/fl.

I 1961 gjekk "Polarhav" att mot sør. Først til Cape Town der dei tok om bord utstyr og avløysingsmannskap til den Sør-Afrikanske ekspedisjonen ved Maud-heim. Ein gjekk først til Bouvetøya der ein gjorde ein liten kartleggingsjobb, så vidare til basen ved Maud-heim. Alt gjekk etter programmet, og ein kom tilbake til Ålesund tidsnok til å gå til Newfoundlandskfeltet til normal tid.

Det var dette året skutene så vidt hadde starta på ungsselfangsten då kraftig uver sette all isen og alle skutene inn på Notre Dam Bay der dei vart liggande fast sesongen ut. Det var då gamle "Veslekari" enda sine dagar.

I 1964 rusta Rieber og Karlsen ut "Polarhav" til forsøksfangst etter Crabeater-sel i Weddelhavet. Gjekk ut frå Bergen 18. juli og via Montevideo og Port Stanley på Falklandsøyane, kom ein i is på S 59 50 og W 53 10 – 25. august.

Der var ein god del kaste ferdig ho-sel i området her, men det synter seg at kastinga føregjekk ca ein månad seinare enn venta. Då tida kom fekk ein uver som reiv opp isen og sende den ut til havs. Resultatet vart 12-1300 sel, men svært få ungar, så ein vart ikkje så mykje klokare på korleis kastinga gjekk føre seg.

Sist ute var "Polaris" som vart sold og fekk namnet "Aurora". Den vart nytta til ekspedisjonsskip for Monica Kristensen sine Spydpolekspedisjonar.

Rieber heldt fram med å bygge fleire noko større is gåande båtar som vart nytta både som ekspedisjonsskip og i cruisefart med passasjerar til Antarktiske farvatn. Karlsen i Halifax kjøpte og bygde om ein svensk isbrytar i 2001, "Polar Star". Den har og gått i slik fart når den ikkje har gått i turistfart på Svalbard.



"Polarhav" fast i sydisen. Artikkelforfattar Sigmund Bøe var skipper på mange av desse turane.

Jau, Brandal-skutene har vore med, ingen tvil om det. Den gamle Brandalskipperen som sa at eigendomene hans strakte seg fra Kvitesjøen i aust til Grønland i Vest ville no ha fått utvida eigendomene sørover med minst 130 breiddgrader!

## **Jakt på moskus.**

Av Helge Ødegård

Den som var ung i ”gamle” dagar minnest litt av kvart. Denne forteljinga ligg over seksti år tilbake i tid. Men den sit bra i minnet enda.

Det var seinsommar, eller haust, 1940. ”Furenak” var på ein ekspedisjonstur til Aust-Grønland. For dei som er heilt unge er det vel rett å nemne at det var dette året vi vart okkupert av tyskarane.

”Furenak” var utrusta for dansk rekning, men seinare er det opplyst at tysk vêrvarsling stod bak. Vêrvarslinga er av stor betyding, og spesielt gjeld dette i krig. Dårleg ver har øydelagt mange felttog.

”Furenak” var etter ei lang oversegling komen til ein plass på Aust-Grønland, Cape Biot heiter plassen. Den ligg ikkje langt i frå Kong Oscars Fjord. Det var eit ”blodslit” å få all utrusting på land. Vi hadde med material til to hus, tonnevis av kol, og proviant for fire mann i to år. Rommet var fullt av ting som danskane hadde med. Vi surra saman fangstbåtane og laga ein flåte, det letta arbeidet mykje. Det vart også laga line frå skuta til land, så vi hadde ”halande” båt. Vi hadde mist mykje av utstyret i ein storm nordvest av Jan Mayen. Alt vi hadde på dekk gjekk over bord. Vi fekk eit brot som la skuta flat, tobakksboksar og anna utstyr frå overkøya på styrbord fann vi igjen i underkøya på babord. I maskinrommet stod sjøen over dørken, halvdøra på le side hadde stått open. Kavringtønner på dekk var knuste i surringane. Vi sløra unna vinden med eit rev inne på fokka, skuta hadde styringsfart med berre denne vesle segl lappen. Sjøane fylte skuta frå akterenden til baugen, skipperen las i bibelen, det var litt utrivelig om bord. Men vi kom til Jan Mayen og fekk livd av land, der fekk vi gjort skuta sjøklar igjen.

Då utrustinga for ekspedisjonen var komen i land, måtte vi fylle vatn. Vi gjekk til Kong Oscars Fjord for å finne ferskvatn. Det var nok også meiningsa og sjå etter moskus dyr. Fangsten denne turen var privat, den var litt av hyra. Reieriet skulle ikkje ha del i denne fangsten. Det gjekk fint og fylle vatn. Vi fann ei elv som hadde ein liten foss rett ved fjøra. Vi fylte vatnet i tønner og rodde dei om bord, der vi fylte vatnet over til vasstanken. Det vart nokre vender og ro, for vi hadde ikkje så mange tom tønner, og vi skulle ha 3-4 tonn vatn.

Ferdig med vatnet vart det jakta! Vi gjekk lenger inn i fjorden og fekkauge på ein flokk moskusdyr. Det var 6 dyr som gjekk å beitte eit stykke frå sjøen. Ein fangstbåt vart låra, bestmannen og Oskar, utrusta seg med gevær og ammunisjon. Oskar var ein eldre ungkar som denne turen var matros, men han hadde vore skyttar på ishavet i ”ein menneskealder”. Då vi kom i land skulle Oskar ladde geværet, men det var så fullt av gravrust at patrona ikkje gjekk i løpet. Eg trur aldri eg har sett ein så sinna mann, han tok geværet og slo det over kneet. Geværet gjekk i to. Eg fekk ordre om å ro om bord i ei fart for å finne eit nytt. Det geværet var bra. Då eg kom tilbake med geværet var Oskar like blid og smilande som vanleg.

Det var litt spennande om vi kom på skothald av dyra. Men det var nesten som å sanke kyr. Då dyra såg oss tok dei ikkje flukta. Nei, dei gjorde seg klar til forsvar, eit forsvar mot ulv. Dei donna noko som heiter karre. Dei laga som ein firkant, der var to kalvar, dei vart plasserte inne i firkanten. Dei vaksne dyra stod med hovudet ut mot oss. Dette er eit godt forsvar mot ulv, men det hjelper lite mot dei som har gevær. Alle dyra vart skotne. Det var litt av eit arbeid og få så mange dyr, men vi vart vant slikt arbeid. Innmaten let vi ligge, men skinn og kjøt bar vi med om bord. Det var eit slit og få alt dette til skuta, det røynde på i rygg

og skuldrer. Vegen tilbake til fangstbåten virka lang før alt kjøtet var om bord. Skinna var spesielt tunge, der var også hovud med på nokre av skinna. Den danske ekspedisjonsleiaren skulle ha dette som eit jakt-trofe.

Om bord vart kjøtet salta i tønner. Jau, vi smakte naturligvis ferskt moskuskjøt. Trur det vart sosa kjøt stuerten laga. Dette kjøtet var utrleg godt, det var som ein smak av saukjøt. Dyra hadde tydleg hatt ein god sommar, der var mykje talg på kjøtet. På ribbebeina var det minst ein tomme med feitt. Vi var ikkje så redde for feitt den tida nei.

Då vi kom tilbake til Ålesund delte vi dette kjøtet, det vart nokre kilo på kvar. "Furenak" hadde eit mannskap på 9 denne turen. Ja, dette var ein tur eg minnest på godt og vondt. Den som har sett Aust-Grønland ein fin dag tidleg på hausten vil ha eit minne for livet.

---

## **Kvitsjøtur med "Helgehorn" 1932**

Av Ruben J. Brandal

Russen meinte at det dette året hadde våre 10 skuter som hadde fanga innanfor grensa. Eg var med "Helgehorn", og det var fjerde året eg var på ishavet og Kvitesjøen. Ein russisk vaktbåt tok 8 skuter, 4 Sunnmørsskuter og 4 frå nord Noreg, i arrest.

Vi fekk begynne å fange 1. mars. "Veslekari" og "Furenak" frå Elling Aarseth's rederi.

På "Veslekari" var Pål Lillenes skipper og på "Furenak" var Rolf Kvien. "Sælbarden" av Tjørvåg, skipper og redar Osvald Lillenes, son til Pål.

"Helgehorn" redar Andreas Flem og skipper Benjamen Brandal. Dei Nordlandske skutene var: "Heimen", "Heimland", "Mai-blomsten" og "Sælen". Skipper på "Sælen" var Virkola. Skipperane vart arresterte og vart om bord i vaktbåten i ca. 10 dagar. Det vart så satt prise mannskap på kvar båt. På "Veslekari" vart det plassert to russarar, på dei andre ein.

Vaktbåten "Porga" skulle ta oss med inn til Arkhangelsk. Men skutene som vart tatt hadde ikkje vore inn for grensa, unntatt "Sælen" av Hammerfest. Virkola var tolk med russerane. I Kvitesjøen er det så sterk straum at vi dreiv lenger ut for kvar dag. Vaktbåten vart etterkvart

frei for kol, og det  
kom så ein isbrytar  
for å bunkre den.  
Men etter 12-14  
dagar var den fri for  
kol igjen og vi var  
komne så langt ut i  
Kvitesjøen at den til  
slutt måtte sleppe oss  
frei.



*Vaktbåten  
"Porga" med dei  
arresterte skutene  
i Kvitsjøen 1932.*

## **”Quest” – den siste (!) norske treskuta på Newfoundland.**

Av Alester Hansen

I Isflaket nr. 3/2003 i høst hadde min gode polarvenn Tore Topp en større artikkel om Scheldrup Ishavsrederi, Skåland ved Bodø. Som liten gutt fikk eg oppleve noen av skutene til rederiet. Min far, Albert Hansen, hadde fartstid fra flere av skutene, som fangstmann, skytter / styrmann og til avløsende skipper. Om somrene ble skutene en yndet lekeplass for en 4 – 5 åring, med klatring i riggen og ballspill i lasterommet. For ikke å snakke om å gjemme seg i skapet fremme i mannskapslugaren foran på ”Quest”.

Tore beretter i sin artikkel om at 5. mai 1962 ble ”Quest” s forlisdag på Newfoundland. Forliset skjedde klokken 17.40, etter lekkasje over flere timer. For oss ble forliset først kjent gjennom dagsnytt klokken 13.00 den 6. mai. Eg husker at på vei hjem fra barneskolen ble eg stoppet av en tidligere fangstmann på ”Quest” som hadde hørt nyheten på radio. Dagen ble spesiell for oss hjemme. Aldri mer fikk vi se ”Quest” på sin vanlige opplagplass, når vi kikket ut kjøkken vinduet. Hva om vår far hadde fått overtatt skuta i 1960 etter at ”onkel” Ludolf skulle gå i land etter 50 sesonger på ishavet? Dessverre gikk min far bort så alt for tidlig.

Med utdrag fra dekksdagboken, berettes følgende fra de 2 siste dagene til skuta;

Fredag 4. mai 1962

Klokken 0000 begynte skipet å lekke kraftig. Man kjører samtlige pumper, men vannet stiger. Man ligger ved siden av M/S ”Polarfart”, og man snakket med dem over radio for eventuell assistanse. Kl. 0100 måtte man kjøre med hovedmaskin for å holde lens. E.B N 5255 W 5450. Etter kort tids kjøring stoppet lekkasjen så to pumper holder den lens. Kl. 0645 sendte telegram til rederiet om situasjonen. Kl. 0800 begynte å kjøre NW. Man følger etter M/S ”Polarfart”. Stille, tåke og noe sjø. Kl. 1500 mottok telegram fra rederiet med forslag om å losse lasten over i M/S ”Kvitfjell”. Man holdt skipsråd og samtlige var enige om at lekkasjen var så dypt at det ville være liten hjelp i overlossing. Kl. 1600 vannet steg så sterkt at det kom opp i svinghjulet på hovedmotor. Under kjøring for å få lens fikk man vann i smøroljen. Man begynte øyeblikkelig med å skifte smøroljen. Kl. 1750 oljen skiftet. Man prøvekjørte maskinen. Kl. 1820 ferdig prøvekjørt. Maskin OK. Man kjører hovedmotoren med mellomrom for å holde lens.

Lørdag 5. mai

Lekkasjen fremdeles periodisk. Sannsynlig at det er issørpe som tetter når man ligger i is. Kl. 0800 begynte å kjøre ut i tettere is og nordover. Man mottok telegram fra rederiet om anbefaling om å losse skinnene til M/S ”Polarfart” eller M/S ”Kvitfjell”. Man kjører i delvis oppent vann og følger etter M/S ”Polarfart”. Kl. 0930 rapport fra maskinen om at vannet stiger med samtlige pumper i gang. Mye dønning og utoverrevet is. Kl. 1115 fikk skade på maskinlense. Kl. 1120 stopp i maskinen da den er kommet i vannet. Man gjør redningsutstyr klart. Kl. 1200 Vannet er steget meget hurtig, og man anser det umulig å berge skuta. Man stoppet pumpinga. Man låret styrbord motorbåt og begynte og overføre mannskapet til M/S ”Polarfart”. Mannskapet på M/S ”Polarfart” begynte og losse over skinn med motorbåter, men på grunn av vanskelige forhold går det meget langsomt. Mannskapet på ”Quest” deltar i skinnlossingen og berginga av det mest verdifulle skipsutstyret. Kl. 1600 var vannet steget så høyt i rommet at overlossingen av skinn måtte stoppes. På grunn av forholdene har man ikke noe tall på det som er berget. Kl. 1700 vannet er steget så høyt at det er fare for at skipet kan synke når som helst. Total fangst etter saltertall 5200 skinn, derav 62 Blue Back og 6

Klappmyss. Kl. 1740 gikk M/S "Quest" ned. Mannskapet ble fordelt med 5 mann på M/S "Polarfart" og 6 mann på M/S "Kvitfjell".

Storparten av det bergede utstyr befinner seg om bord i M/S "Polarfart".

Posisjonen hvor "Quest" gikk ned var N 5310 W 5427.

Eg har konferert med Magnus Sefland og vi finner at "Quest" trolig ble den siste norske fangstskuta av tre som forliste på Newfoundland. Året før led "Veslekari" samme skjebne, da den ble skadd i vanskelig is. Flere mener skaden midtskips i skroget til "Quest" hadde sin årsak fra stor skruing fra samme sesong.

Med "Quest"s forlis var en æra over for en kjent fangst og ekspedisjonsskute med nær 50 års virke i polare farvann.

Alester Hansen, Tverrlandet – Bodø.

---

## **Museumsreformen på Sunnmøre - og Ishavsmuseet.**

Av Jarle Sulebust.

I 2004 går ti museum på Sunnmøre saman i ei museumseining. Utgangspunktet for samanslåinga var ei stortingsmelding frå 2000. I Noreg var det over 800 ulike museum, og det vart stadig fleire. Ønsket var å samle desse for å skape sterkare einingar, både fagleg og økonomisk. Samstundes var ein klar over den store ressursen som låg i lokalt engasjement og deltaking. I kvart fylke skulle det ikkje vere meir enn 3-5 museum, og i Møre og Romsdal skulle dei tre regionmusea vere pådrivarar i kvar sin region. På Sunnmøre var det såleis Sunnmøre Museum som fekk ei sentral rolle i museumsreformen.

Målet var altså å styrke det faglege arbeidet ved musea og stimulere til betre formidling. Stortinget ønskte å hjelpe dei musea som valte å gå saman, og lova 200 millionar over fem år i auka driftstilskot til desse. Dei som av ulike grunnar ikkje vil vere med, får ikkje noko av desse midlane. Vidare har staten lova ei kraftig auke i investeringsmidlane, men på same måte, berre til dei som er med i samanslåinga - eller med eit anna ord, konsolideringa.

### **Felles styring**

Til no har ti museum på Sunnmøre gjort det klart at dei vil vere med: Aalesunds Museum, Brudavolltunet i Ørsta, Godøy Kystmuseum, Herøy Kystmuseum, Ishavsmuseet Aarvak, Sivert Aarflot-museet i Volda, Sunnmøre Museum, Sykkylven Naturhistorisk Museum, Volda Bygdetun og Ytste Skotet i Stordal. Dessutan har Norsk Møbelfaglig Senter i Sykkylven spurt om det er rom for dei og. Det nye regionmuseet har no namnet Stiftinga Sunnmøre Museum.

For dei tilsette inneber dette at dei har same arbeidsgjevar og at direktøren ved Sunnmøre Museum er leiar for heile verksemda. For styra ved lokalmusea er konsekvensen den at det no er eit felles regionstyre som har ansvar for alle musea. Men hus og samlingar tilhører lokalmusea. Dei er deira eide, og den har dei heilt og fullt ansvaret for. Difor er det no eigarstyre ved kvart museum. Dei har hand om alle dei inntektene som kjem inn lokalt. Når

Ishavsmuseet arrangerer noko på Brandal som gjev pengar i kassa, skal museet behalde alle desse til eige bruk. Difor er det viktig med aktivitet og engasjement. Det gjev resultat lokalt.

### **Saman står vi sterkare**

Dei tilsette vert ein del av eit større kollegium. Dei deltek på møte saman, dei får tilbod om seminar og kurs, og dei kan gå saman om å løyse oppgåver som dei tidlegare var aleine om. Kvar og ein har kunnskapar og interesser som gjer at dei kan tilføre fellesskapet noko. I sum vil dette gje eit betre museum og betre arbeidstilhøve for dei tilsette.

Ei viktig side av musea si verksemrd er å ta vare på kulturhistoriske gjenstandar for ettertida. Det må samlast inn kunnskap om desse gjenstandane, dei må registrerast skikkeleg og dei må takast vare på ein forsvarleg måte. Dette er også ei oppgåve som vi gjer betre saman. Mykje av utstyret er dyrt, og felles innkjøp kan redusere utgiftene for oss alle. Slike felles løysingar kan vere aktuelt på fleire områder. Kvart museum var såleis med i Norges Museumsforbund og betalte kontingenent dit, no er dei ti musea eitt medlem og Sunnmøre Museum betaler kontingeneten.

### **Lokalt engasjement**

For Ishavsmuseet er deltaking i det nye museet viktig for i det heile å kunne søkje om offentlege midlar til eit vernebygg over Aarvak. Det er også slik at om Stortinget følgjer opp løfta sine og løyver meir pengar til musea på Sunnmøre, ønskjer ein å ha heiltidstilsette på musea. Dermed vil musea kunne halde oppe heile året og vere meir tilgjengelege for publikum. Dessutan ønskjer vi å skape eit enno betre tilbod til dei skulane som planlegg å vitje eit museum. Alt i 2003 gjekk musea saman om ei felles satsing mot skulane. Resultatet var overveldande. Det er 17 000 grunnskuleelevar på Sunnmøre, og i 2003 nyttta over 16 000 eit av dei opplegga musea tilbaud skulane.

Kvar for seg utgjer dei ti musea bitar av sunnmørshistoria. Saman gjev dei oss eit mykje betre bilet av heilskapen. Difor var det viktig at ishavsnæringa, gjennom Ishavsmuseet, vart med i det nye regionmuseet. Biletet ville ikkje vore heilt utan. Så skal fagfolka freiste å legge til rette for at museumstilboden vert best mogleg. Til slutt vil eg streke under at lokal oppslutning om Ishavsmuseet er svært viktig. Pengar og fagfolk kan ikkje erstatte bygdefolket og andre interesserte si støtte og deltaking i Ishavsmuseet. Eit levande museum krev levande interesse i lokalmiljøet.

Jarle Sulebust  
Direktør  
Sunnmøre Museum

## **Polarkveld med Birger Amundsen På Ishavsmuseet, fredag 12. mars kl. 19.00**

Birger har mange år bak seg på Svalbard, og har skrive ei rekke bøker om øygruppa. Han er ansatt i NRK og har også laga fleire radio og TV program om Svalbard. På Ishavsmuseet vil han fortelje den dramatiske historia om kapringa av "Isbjørn" i Longyearbyen våren 1941.

Bill kr. 80,- Kaffi og sveler.

## **Helsing til Isflaket.**

År 2003 er for lengst blitt historie, og vi er godt i gang med år 2004.

Venneforeininga for Ishavsmuseet har hatt eit bra arbeidsår, sjølv om ein alltid ved sånne høve føler ein burde ha gjort så mykje meir.

Foreininga har hatt dette styret:

Leiar Johan Ole Brandal

Nestleiar Greta Kirkebø

Kasserar Tor Riise

Sekretær Hans Petter Brandal

Syremedlem Leif Kristian Brandal

Varamenn Ottar Brandal og Oddfrid Kleppe

Revisor Oleif Eiken

Valnemnd Nils Pilskog, Ola Pilskog og Kjellrun Veiset.

Medlemsbladet har hatt Andreas Ringstad som redaktør, og saman med seg i redaksjonen har han hatt Finn Sindre Eliassen og Webjørn Landmark.

Årsmøtet vil i år finne stad 10. mars, og då vil vi ha ei fyldig årsmelding klar, samt at vi kjem til å ha litt program i tillegg. Mat og kaffi blir det også sjølvsagt.

Av ting vi i venneforeininga har arbeidt med i 2003 kan vi nemne:

- Grillkveld ved museet 20.juni
- Tillaging av natursteinmur ved parkeringsplassen.
- Etablering av eiga internettseite. <http://home.no.net/ishavsmv/>
- Vi har også vore med å støtta utvidinga av plassen mellom sjøen og museet med pengar.
- Og vi har sjølvsagt hjelpt redaksjonen i Isflaket med å binde saman og sende ut dei blada som blei trykte.

Vi har vyar for året også, men vil få årsmøtet bak oss før vi blir konkrete.

Ein ting som gledde oss i fjar var at vi faktisk fekk nye medlemmar, slik at kontingentinnbetalinga auka.

I denne utgåva av Isflaket legg vi ved innbetalingsgiro, som vi vonar at mange nyttar seg av. Dersom vi skal nå måla våre, og vere ei god støtte for museet er vi heilt avhengige av ei god medlemsmasse.

Med dette takkar eg for meg i denne omgang, med ynskje om eit godt år for alle museumsvener.

Brandal 23.02.04

Johan Ole Brandal  
Formann

# B

PORTO  
BETALT  
P.P  
AVTALENR  
**617108/7**

## **Polarkveld med Birger Amundsen på Ishavsmuseet.**

Birger Amundsen, født 1948 i Kjøllefjord, utdanna elektronikkingeniør og journalist. Amundsen kom til Svalbard første gang i 1973 og arbeidet på ESRO-stasjonen i Ny-Ålesund 1973–74, siste året satellittstasjonen var i drift. Seinare arbeidet han ved Norsk Polarinstutts forskingsstasjon i Ny-Ålesund og deltok også i ein rekke isbjørnekspedisjonar for instituttet, blant anna til Kong Karls Land, Nordaustlandet og Edgeøya.

På 1980-tallet produserte han ein serie frie, kunstnariske kortfilmar om Svalbard saman med Knut Erik Jensen. Amundsen har vært ansatt i NRK sidan 1985 og arbeider i dag som dokumentarprodusent i NRK/Fakta. Han har produsert ein rekke radio- og TV-dokumentarer, blant anna frå Svalbard, og vunne internasjonale priser for sitt arbeid.

Han har skrevet boka Isbjørnlandet (1993), Svartkvitt (2001) kullarbeidernes historie på Svalbard og er også ansvarlig for utgivinga av Svalbardboka (1983–1985–1989–1994).

I sitt foredrag på Ishavsmuseet på Brandal vil Amundsen legge fram sin omfattande dokumentasjon på kva som skjedde da seks kullarbeidarar i Longyearbyen kapra isbrytaren «Isbjørn» våren 1941 for å gå til alliert hamn på Island. Det hele enda med ein tragedie der seks mann ble henretta av tyskarane same haust. Amundsen har fått innsyn i dokumenter ved Riksarkivets landsvikarkiv i Oslo, samt Statsarkivet i Tromsø.

Fredag 12. mars kl. 19.00 er han klar på Ishavsmuseet.

---

Denne utgåva av Isflaket er utgitt med støtte frå:

**Roar Nesje Transport,  
Nesjestrand  
Telefon 712 40770**